

Referat frå FAU 29. mars kl 1830 -20

Alle klassane var representert med unntak av 10. klasse, så hadde vi med oss rektor Gunn Marit på møtet.

Sak 1.

Trafikksituasjonen i skulen sitt nærområde:

I dag er parkeringsforholda og mulegheita for å setje av borna veldig uoversiktlege og skapar dagleg mange farleg situasjonar i skuleområdet.

Som de veit har FAU i lag med skulen arbeidd i lang tid å finne ei betre løysing på trafikk-situasjonen. Og etter fleire runder i FAU og sak i SU vart det bestemt på FAU møtet vi no sender inn følgjande forslag til Sunnfjord kommunen:

1. »hjartesone» med parkering på grøntområdet bak gamle coop
2. tidsinnstilt bom (v skule-start og -slutt) foran gangfeltet i krysset ved gamle coop.

Om det blir positivt svar frå kommunen vil FAU ilag med skulen og elevane planlegge trafikk-kampanje ved skulestart i august, korleis denne skal gjennomførast kjem vi tilbake.

Eit tilleggsforslag som kom opp i møtet (vi vil spele inn etterkvart i behandlingsprosessen): I tillegg til ovanfor legge inn eit forslag med ei ordning der foreldre som treng køyre elevane til skulen kan køyre via Hotellhagen, snu/rundkøyring på området der juletreet står kvar jul og ta returen tilbake via Hotellhagen. Slik kan vi minske ferdsel fram til krysset ved gamle coop som til tider er den plassen som er mest kaotisk og farlege situasjonar oppstår.

Sak 2.

Felles foreldremøte 17. april med Andreas Gravdal, «å vere god nok» , påminning til foreldra!

Skulen sender påminning via Visma 31.01 og 11.04 (lik tekst som til klassane via FB).

Alle klassane sender ut påminning på FB og ber om tilbakemelding frå foreldre som ikkje kan delta innan torsdag 13. april. Vi legg ut informasjonen 11.04 som klassane legg ut på FB sida. Gåve til foredragshaldar; bok frå Oddvar Torsheim m signatur + bukett.

Forslag å flytte fotballen den kvelden, slutte kl 1745. (Anne Sofie tek dette med trenar)

Sak 3.

Vurderingar og vurderingspraksis, orientering av rektor.

Vurdering og vurderingspraksis er noko alle skulane i Sunnfjord skal jobbe med framover. (læreplan frå 2020)

Viser til vurderingsføreskrifta; ikkje påkrevd å vere skriftleg MEN i Naustdal gjer ein dette! Mellom kvar halvårsvurdering er det utviklingssamtale.

Karakter i ungdomsskulen kvart halvår. Sluttvurdering er i 10 klasse.

Viktig foreldre tek kontakt med lærar om dei har spørsmål omkring læresituasjonen.

Usikkert kor mange av foreldra som er kjent med Teams?

Skulen oppfordrar foreldra å vere innpå teams? Spør eleven, korleis brukar dei teams?

Forslag: vise korleis bruke teams på foreldremøte.

Forslag: første foreldremøte på hausten, informasjon om vurderingspraksis + utviklingssamtaler.

Ref.

Annlaug

